

Frekhaug 9.febr. 2015

Meland Kommune

Att: Rådmann

Søknad om bruk av kommunevåpenet på utstillingsplate og informasjonsbrosjyre.

Eg søker om løyve til bruk av kommunevåpenet på ei utstillingsplate med navarar frå Kråsmia slik vedlagte bilete av plata syner. Informasjonsbrosjyra kan delast ut i samband med visningar.

Plata var eigenleg tenkt til privat bruk der eg ville ta vare på og visa fram dei navarane bror min, Johannes Ingolf Fosse, har gitt meg. Men eg tykkjer denne oppstillinga vart så bra at den fortener ei litt utvida bruk.

Til vanleg vil plata hengja i hobbyrommet mitt og kan der visast den/dei som har interesse av ei gamal, stor og spesiell næring i Meland. Elles kan eg tenkja meg at plata **kan** nyttast når smedane har sine visningar/kurs og til skuleklassar eller andre arrangement der Meland-historie er på programmet.

Til orientering kan nemnast at eg for nokre år sidan fekk tilsvarande løyve til bruk av kommunevåpenet på ei enklare plate som heng på Meland Aktiv.

Vonar på eit positivt svar. Bruk gjerne epost.

Helsing

Kolbjørn Fosse



Adr.

Mjåtveitvegen 26B

5918 Frekhaug.

Tel. 56 17 80 19, Mob. 907 60 808

Epost: kofosse@broadpark.no

Vedlegg: Bilete med litt informasjon

Informasjonsbrosjyre

PS. Det kunne kanskje vore riktig at ordførar/ kulturkontoret vart orienterte om muligheit for bruk av utstillingsplata.